

# Til barnehagar som er med i IA-bransjeprogram

Her kjem det siste infoskrivet i 2021. Det har vore eit år med mykje godt arbeid, trass i at pandemien ikkje slepp taket.


## BarnehageHMS er publisert!

**BarnehageHMS** er eit arbeidsmiljøverktøy som skal vere til hjelp i det systematiske HMS-arbeidet i barnehagen. Verktøyet er utvikla av partane i bransjeprogrammet, alle barnehagar kan bruke verktøyet og det er gratis.

I **BarnehageHMS** får barnehagane blant anna kunnskap om 13 relevante arbeidsmiljøtema. Dei 13 temaa har korte tekstar, byggjer på forskning, gjev tips og råd, har diskusjonspunkt og har utvalde lenker til hjelp i arbeidet. Verktøyet har ein dynamisk kalender som gjer det mogleg å kople tema ein vel å jobbe med til barnehagekvardagen.

Sjå meir om verktøyet her:

**Barnehage HMS**



## Metodeboka «Tidleg inn» er rett rundt hjørnet

«Tidleg inn» er eit verktøy for systematisk og kontinuerleg førebygging av sjukefråvær, spesiallaga for barnehagar. Arbeidsmiljø er alltid i endring, og det krev difor eit kontinuerleg fokus.

Arbeidsmiljøet kan også variere frå avdeling til avdeling i barnehagen, og metodeboka legg difor opp til at ein jobbar avdelingsvis. Også metodeboka bygger på partssamarbeid. Dette skjer ved at HMS-gruppa skal halde i den overordna prosessen i heile barnehagen. Metodeboka er delt inn i fire fasar der ein kartlegg, set mål, genererer idéar og lærer saman. Fasane skal gje tilsette ein framgangsmåte og eit verktøy som bidreg til å konkretisere samtalane om eige arbeidsmiljø. Alt kan gjennomførast og gjentakast i eige tempo og på eigne premissar. På den måten vil verktøyet bidra til å etablere eit kontinuerleg og systematisk forbetningsarbeid med arbeidsmiljøet på kvar avdeling og i barnehagen som heilskap.

Bransjeprogrammet er no i innspurten i arbeidet med metodeboka, den vil vere klar for bruk i slutten av januar.

## Planer for 2022

Vi håpar alle barnehagane vil fortsette det gode arbeidsmiljøarbeidet i 2022. Bransjeprogrammet vil gjennom heile det komande året halde fram med:

- tiltak
- prosjektstøtte
- innhenting av informasjon
- kunnskap og kompetanse
- vidareutvikling av verktøy

Det vert og sett i gong eit forskingsprosjekt som skal sjå på samanhengen mellom arbeidsmiljø og kvalitet i tenesta. Er det ting de lærer eller erfarer, og som de tenker kan vere av interesse for andre, vil vi gjerne høyre frå dykk.

*God jul frå bransjeprogrammet!*